



1  
2  
3  
4  
5

6 **Vedtekter for Studenttinget ved**  
7 **Høgskulen i Volda**

8  
9  
10  
11  
12  
13  
14  
15  
16  
17  
18  
19  
20  
21  
22  
23  
24  
25

Sist revidert 29.03.2017

26	<b>Innhaldsliste</b>	
27	<b>1.1 Formål og innleiing</b>	5
28	<b>§ 1.1.1 Formål og namn</b>	5
29	<b>§ 1.2 Organ</b>	5
30	<b>§ 1.3 Definisjonar</b>	5
31	<b>§ 1.4 Styringsdokument</b>	6
32		
33	<b>2. Tillitsvalde</b>	6
34	<b>§ 2.1 Generelle vedtak</b>	6
35	<b>§ 2.2 Oppgåver</b>	7
36		
37	<b>3 . Studentrådet</b>	7
38	<b>§ 3.1 Samansetjing</b>	7
39	<b>§ 3.2 Generelle vedtak</b>	7
40	<b>§ 3.3 Oppgåver</b>	7
41		
42	<b>4. Studenttinget</b>	7
43	<b>§ 4.1 Generelle vedtak</b>	7
44	<b>§ 4.2 Samansetjing</b>	8
45	<b>§ 4.3 Oppgåver</b>	8
46	<b>§ 4.4 Arbeidsgrupper</b>	8
47		
48	<b>5. Arbeidsutvalet for Studenttinget</b>	9
49	<b>§ 5.1 Generelle vedtak</b>	9
50	<b>§ 5.2 Samansetjing</b>	9
51	<b>§ 5.3 Konstituering</b>	9
52	<b>§ 5.5 Oppgåver</b>	10
53		
54	<b>6. Sekretariatet</b>	10
55	<b>§ 6.1 Generelle vedtak</b>	10
56		
57	<b>7. Kontrollkomité</b>	10
58	<b>§ 7.1 Generelle vedtak</b>	10

59	<b>§ 7.2 Oppgåver.....</b>	11
60		
61	<b>8. Økonomi .....</b>	11
62	<b>    § 8.1 Budsjett .....</b>	11
63	<b>    § 8.2 Rekneskap.....</b>	11
64		
65	<b>9. Allmøte.....</b>	11
66	<b>    § 9.1 Generelle vedtak.....</b>	11
67		
68	<b>10. Styringsdokument.....</b>	12
69	<b>    § 10.1 Vedtekter.....</b>	12
70	<b>    § 10.2 Strategiplan.....</b>	12
71	<b>    § 10.3 Budsjett .....</b>	12
72	<b>    § 10.4 Arbeidsprogram .....</b>	12
73	<b>    § 10.5 Gjennomføring av endringar i styringsdokumenta.....</b>	12
74		
75	<b>11. Mistillit.....</b>	13
76	<b>    § 11.1 Stilling av mistillitsforslag .....</b>	13
77	<b>    § 11.2 Prosedyrar ved mistillit og fråtreding .....</b>	13
78		
79	<b>Del 2 – Møteregrlement.....</b>	14
80	<b>12. Studentrådet .....</b>	14
81	<b>    § 12.1 Fristar.....</b>	14
82	<b>    § 12.2 Rettar og plikter .....</b>	14
83	<b>    § 12.3 Møtegjennomføring.....</b>	15
84		
85	<b>13. Studenttinget .....</b>	15
86	<b>    § 13.1 Fristar.....</b>	15
87	<b>    § 13.2 Rettar og plikter .....</b>	15
88	<b>    § 13.3 Møtegjennomføring.....</b>	16
89	<b>    § 13.4 Ekstraordinært møte.....</b>	17
90		
91	<b>14. Arbeidsutvalet .....</b>	17

92	<b>§ 14.1 Fristar.....</b>	17
93	<b>§ 14.2 Rettar og plikter .....</b>	17
94	<b>§ 14.3 Møtegjennomføring.....</b>	18
95		
96	<b>15. Allmøte .....</b>	18
97	<b>§ 15.1 Fristar.....</b>	18
98	<b>§ 15.2 Rettar og plikter .....</b>	18
99	<b>§ 15.3 Møtegjennomføring.....</b>	19
100		
101	<b>Del 3 – Valreglement.....</b>	20
102	<b>16. Tillitsvalde/studentrådet § 16.1 Valmåte .....</b>	20
103	<b>§ 16.2 Røysterett og valbarheit.....</b>	20
104	<b>§ 16.3 Fristar.....</b>	20
105	<b>17. Studenttinget .....</b>	20
106	<b>§ 17.1 Valmåte .....</b>	20
107	<b>§ 17.2 Røysterett og valbarheit.....</b>	21
108	<b>§ 17.3 Røystelikskap .....</b>	21
109	<b>§ 17.4 Fristar.....</b>	21
110	<b>§ 17.5 Suppleringsval .....</b>	21
111	<b>18. Arbeidsutvalet i STiV .....</b>	21
112	<b>§ 18.1 Valmåte .....</b>	21
113	<b>§ 18.2 Røysterett og valbarleik .....</b>	22
114	<b>§ 18.3 Røystelikskap .....</b>	22
115	<b>§ 18.4 Frist for gjennomføring av valet .....</b>	22
116	<b>§ 18.5 Suppleringsval .....</b>	22
117	<b>19. Andre verv .....</b>	22
118	<b>§ 19.1 Valmåte .....</b>	22
119	<b>§ 19.2 Røysterett og valbarleik .....</b>	23
120	<b>§ 19.3 Fristar.....</b>	23
121	<b>§ 19.4 Suppleringsval .....</b>	23
122	<b>§ 19.4 Val av Faddervekestyret .....</b>	23
123		
124		

## 125                   **Del 1 – Vedtekter**

---

126

---

127

### 128                   **1.1 Formål og innleiing**

#### 129                   **§ 1.1.1 Formål og namn**

- 130                   a) Studenttinget i Volda (STiV) er det øvste studentdemokratiske organet ved Høgskulen  
131                   i Volda (HVO).
- 132                   b) Organisasjonen heiter Studenttinget i Volda. Studenttinget skal skrivast med stor  
133                   forbokstav. På engelsk heiter organisasjonen Volda Student Parliament.
- 134                   c) STiV skal arbeide for studentane ved HVO sine faglege, velferdsmessige og  
135                   demokratiske rettar, og fremme studentane sitt synspunkt overfor institusjonen sitt  
136                   styre.

137

#### 138                   **§ 1.2 Organ**

139                   Studentdemokratiet ved Høgskulen i Volda er delt inn i:

- 140                   I.     Studenttinget
- 141                   II.    Studenttinget sitt arbeidsutval
- 142                   III.   Tillitsvalde på studia (studentråd)
- 143                   IV.    Kontrollkomiteen

144

#### 145                   **§ 1.3 Definisjonar**

146                   *Simpelt fleirtal:*      Det er fleire røyster for enn imot. Avhaldne tel ikkje.

147                   *Alminneleg fleirtal:*    Det er fleire røyster for enn imot, og det er fleire røystande  
148                   enn avhaldne.

149                   *Absolutt fleirtal:*     Meir enn halvparten av dei valde representantane i organet  
150                   røyster for.

151                   *Kvalifisert fleirtal:*    Meir enn 2/3 av representantane som er til stades røyster for.

152                   *Totalt fleirtal:*       Meir enn 3/4 av representantane som er til stades røyster for.

153	<i>Akklamasjon:</i>	Ved val der det er færre eller likt tal kandidatar som plassar, kan kandidatane veljast ved å verte klappa inn.
154		
155	<i>Valkrins:</i>	Den gruppa med studentar som har røysterett ved eit val.
156	<i>Urneval:</i>	Skriftleg og hemmeleg val, anten med lukka urne eller i
157		anonymt behandla nettskjema.
158	<i>STiV-representantar:</i>	Dei 11 valde hovudrepresentantane i Studenttinget i Volda.
159	<i>Arbeidsutvalet:</i>	Arbeidsutvalet i STiV, som består av leiar, velferdsansvarleg,
160		fagansvarleg, informasjonsansvarleg og internasjonalt ansvarleg.
161	<i>Student(ar):</i>	Der omgrepet student i ei eller anna form førekjem i dette
162		dokumentet, siktast det til studentar ved HVO, og ikkje
163		studentar generelt, dersom anna ikkje er spesifisert.
164	<i>NSO:</i>	Norsk Studentorganisasjon
165	<i>SfS:</i>	Studentsamskipnaden for Sunnmøre
166		

#### **167 § 1.4 Styringsdokument**

- 168 a) STiV har fylgjande styringsdokument:
- 169     - Vedtekter
- 170     - Strategiplan
- 171     - Arbeidsprogram
- 172     - Budsjett
- 173 b) Styringsdokumenta skal reviderast i høve til § 11, og vere fritt tilgjengelig for alle på
- 174       norsk og engelsk.
- 175

## **176 2. Tillitsvalde**

### **177 § 2.1 Generelle vedtak**

- 178 a) Det skal veljast tillitsvald og vara ved alle studieprogram som gir 30 studiepoeng eller
- 179       meir per semester.
- 180 b) Funksjonstida er frå representanten er vald til slutten av studieåret.

- 181        c) Tillitsvald har rett på attest dersom vedkomande har møtt på minst 3/4 av  
182                studentrådsmøta.

183

184        **§ 2.2 Oppgåver**

- 185        a) Tillitsvalde har informasjonsplikt overfor medstudentane på studiet om informasjon  
186                fra høgare studentorgan. Dei skal jobbe for å ivareta studentane sine interesser på  
187                avdelingsnivå/instituttnivå.

188

189        **3 . Studentrådet**

190        **§ 3.1 Samansetjing**

191                Studentrådet består av dei tillitsvalde ved dei fire avdelingane ved HVO.

192

193        **§ 3.2 Generelle vedtak**

- 194        a) Studentrådet er eit forum for studentpolitiske diskusjonar. Det er også ein møteplass  
195                for utveksling av erfaringar frå vervet som tillitsvald.  
196        b) Funksjonstida er frå representanten er vald til slutten av studieåret.  
197        c) Studentrådet skal ha minst eitt møte kvart semester. Møtet i haustsemesteret kan  
198                kombinerast med kurs for dei tillitsvalde.

199

200        **§ 3.3 Oppgåver**

- 201        a) Studentrådet står fritt til å fremje saker til Studenttinget.

202

203        **4. Studenttinget**

204        **§ 4.1 Generelle vedtak**

- 205        a) Studenttinget er studentdemokratiet sitt øvste organ og skal ha representantar frå alle  
206                avdelingane ved HVO.  
207        b) Studenttinget skal halde minst tre møte i haustsemesteret og minst fire møte i  
208                vårsemesteret.  
209        c) Møta i Studenttinget skal vere opne. Dersom Studenttinget ser det som føremålstenleg,  
210                kan dei med 2/3 fleirtal lukke anten heile møtet, eller enkeltsaker.

- 211 d) Funksjonstida er frå representanten er vald til slutten av studieåret.
- 212 e) For å få attest for vervet, må ein møte på minst 3/4 av studenttingsmøta den sitjande  
213 perioden.
- 214 f) Dersom ein som studentrepresentant i studenttinget er fråverande på to møter eller  
215 meir utan å melde avbod, har arbeidsutvalet rett til å bestemme om denne  
216 representanten får fortsetje i tinget.

217

#### 218 **§ 4.2 Samansetjing**

- 219 a) Studenttinget er sett saman av 11 studentrepresentantar valde ved urneval eller  
220 elektronisk val. 8 av desse skal vere likt fordelt frå dei fire avdelingane ved HVO, dei  
221 resterande studentrepresentantane blir valde uavhengig av avdelingstilhøyre.
- 222 b) Vararepresentantar blir prioritert etter stemmetal.

223

#### 224 **§ 4.3 Oppgåver**

- 225 a) Studenttinget skal behandle og gjere vedtak i saker som vedkjem hovudlinjene for  
226 STiV eller som er av stor prinsipiell tyding for desse.
- 227 b) Velje representantar i samsvar med valreglementet.
- 228 c) Vedta budsjett og eventuelle budsjettendringar.
- 229 d) Godkjenne revidert rekneskap.
- 230 e) Vedta arbeidsprogram for kvart studieår ved nest siste tingmøte i vårsemesteret.  
Arbeidsprogrammet kan reviderast på andre møtet i haustsemesteret.
- 231 f) Vedta strategiplan ved nest siste tingmøte i vårsemesteret kvart fjerde år.  
Strategiplanen er open for revidering kvart år.
- 232 g) Vedta endringar i vedtekten, møtereeglementet og valreglementet.

233

#### 236 **§ 4.4 Arbeidsgrupper**

237 Studenttinget kan setje ned ei arbeidsgruppe når dei ser eit behov for det.  
Arbeidsgruppa skal verte gitt eit mandat, og det skal utpeikast ein leiar som har ansvar  
238 for møteinnkalling, kontinuitet i arbeidet og rapportering til Studenttinget.

239

240

241

242    **5. Arbeidsutvalet for Studenttinget**

243    **§ 5.1 Generelle vedtak**

- 244    a) Arbeidsutvalet i STiV er Studenttinget sitt dagleg arbeidande organ og førebur saker  
245        for Studenttinget.
- 246    b) Arbeidsutvalet skal ha ein stillings- og arbeidsinstruks som er godkjent av  
247        Studenttinget.
- 248    c) Medlemene i arbeidsutvalet kan ikkje stille til val eller inneha verv i Høgskulestyret.  
249        Føresegna er likevel ikkje til hinder for at eit avtropande medlem kan stille til val,  
250        forutsatt at medlemmet i arbeidsutvalget vil fråtre sitt verv før ny periode for  
251        Høgskulestyre tek til.

252

253    **§ 5.2 Samansetjing**

- 254    a) Arbeidsutvalet i STiV består av:  
255        - Leiar  
256        - Fagansvarleg  
257        - Velferdsansvarleg  
258        - Informasjonsansvarleg  
259        - Internasjonalt ansvarleg

260

261    **§ 5.3 Konstituering**

- 262    a) Arbeidsutvalet konstituerer seg sjølv etter kvart val til arbeidsutvalet.  
263    b) Nestleiar vert vald innbyrdes i arbeidsutvalet, og fungerer som leiar i leiars fråvær.

264

265    **§ 5.4 Funksjonstid**

- 266    a) Funksjonstida er frå ein blir vald og fram til valmøte for sitt verv, fastsett i gjeldande  
267        valreglement.
- 268    b) Av- og påtroppande medlemer i arbeidsutvalet skal delta på ein overlappingsperiode.  
269        Denne perioden varer frå valdato og ein månad fram i tid.
- 270    c) Overlappinga skal fungere som opplæring for nye medlemer i arbeidsutvalet.
- 271    d) Dersom eit medlem av arbeidsutvalet sluttar som student ved HVO, må vedkomande  
272        trekke seg frå sitt verv, men vil inneha vervet til suppleringsval og  
273        overlappingsperiode er gjennomført.

274

275 **§ 5.5 Oppgåver**

- 276 a) Utarbeide og legge fram forslag til styringsdokument, etter § 11, til godkjenning for  
277 Studenttinget.
- 278 b) Saksførebuing for Studenttinget.
- 279 c) Arbeidsutvalet skal innstille i alle saker som blir lagt fram for Studenttinget. Sakene  
280 kan sendast på høyring før handsaming i tinget.
- 281 d) Har ansvaret for at vedtak fatta i Studenttinget vert fylgt opp.
- 282 e) Skal bruke økonomiske og personalmessige ressursar i samsvar med STiV sitt  
283 arbeidsprogram, strategiplan, budsjettet og økonomirutinar.
- 284 f) Utarbeide årlege individuelle og felles rapportar.
- 285 g) Arbeidsutvalet skal legge fram forslag til møteplan for Studenttinget ved første møte i  
286 studieåret.

287

288 **6. Sekretariatet**

289 **§ 6.1 Generelle vedtak**

- 290 a) Sekretariatet består av ein organisasjonskonsulent.
- 291 b) Høgskulen har arbeidsgjevaransvaret, og utarbeider stillings- og arbeidsinstruks for  
292 organisasjonskonsulenten. Stillings- og arbeidsinstruks må godkjennast av  
293 arbeidsutvalet i STiV.
- 294 c) Oppretting og nedlegging av permanente stillingar kan berre fattast av Studenttinget i  
295 samråd med Høgskulen og Studentsamskipnaden i Volda.
- 296 d) Organisasjonskonsulenten har det daglege administrative ansvaret for arbeidsutvalet.

297

298 **7. Kontrollkomité**

299 **§ 7.1 Generelle vedtak**

- 300 a) Kontrollkomiteen skal syte for at STiV si verksemd følgjer gjeldande  
301 styringsdokument.
- 302 b) Komiteen skal bestå av to medlemmar som ikkje innehavar andre verv som er en del av  
303 STiV, eller der STiV er valkrins.

304

305    **§ 7.2 Oppgåver**

306           Kontrollkomiteen skal:

- 307        a) Delta på møta i Studenttinget.
- 308        b) Føre kontroll med at STiV sine organ fylgjer gjeldande styringsdokument og fatta  
309           vedtak.
- 310        c) Sjå til at STiV sine ressursar vert disponert i samsvar med budsjetta.
- 311        d) Føre kontroll med gjennomføring av val der Studenttinget er valkrins.
- 312        e) Delta på møter i arbeidsutvalet minst ein gong i månaden.

313

314    **8. Økonomi**

315    **§ 8.1 Budsjett**

- 316        a) Arbeidsutvalet i STiV skal innan siste møtet i hauktsemesteret setje opp eit budsjett  
317           over dei midlane STiV vil disponere neste kalenderår. Budsjettet varer frå 01.01 til  
318           31.12., og skal leggjast fram for Studenttinget for godkjenning seinast siste tingmøte i  
319           kalenderåret.
- 320        b) Budsjettet skal reviderast på det siste studenttingsmøtet i vårsemesteret.
- 321        c) Arbeidsutvalet i STiV har mynde til å gjere om på dei ulike budsjettpostane med inntil  
322           5000 kr per semester, om dette er til det beste for studentane ved HVO. Ved større  
323           summar må Studenttinget godkjenne dette.
- 324        d) Kvart år skal det i budsjettet setjast av 5000 kr frå velferdsmidlar til Pris for  
325           internasjonalisering.

326

327    **§ 8.2 Rekneskap**

- 328        a) Arbeidsutvalet i STiV skal legge fram rekneskap for året før, seinast på det andre  
329           studenttingsmøtet i vårsemesteret.
- 330        b) Rekneskap skal være tilgjengelig for alle.

331

332    **9. Allmøte**

333    **§ 9.1 Generelle vedtak**

334           Det kan krevjast allmøte i saker av spesiell karakter, eller i saker der det er ynskjeleg å  
335           orientere eller få heile studentmassen sitt syn på saka. Arbeidsutvalet i STiV skal kalle

336 inn til allmøte dersom 5% av studentmassen, 1/3 av Studenttinget eller 2  
337 representantar frå arbeidsutvalet i STiV krev det. Allmøte er vedtaksdyktige om møtet  
338 vert gjennomført etter møterelementet.

339

## 340 **10. Styringsdokument**

### 341 **§ 10.1 Vedtekter**

342 Vedtekta er organisasjonen sine formelle reglar, og er overordna dei andre  
343 styringsdokumenta. Vedtekta kan reviderast. Dei gjeldande vedtekta ligg alltid til  
344 grunn, og det må vere kvalifisert fleirtal for å vedta endringar. Endringane trer i kraft  
345 når endeleg dokument er vedtatt.

346

### 347 **§ 10.2 Strategiplan**

348 Strategiplanen er eit dokument om STiV sine overordna mål, som går over ei  
349 fireårsperiode. Kvart fjerde år skal ny strategiplan vedtakast, men den kan reviderast  
350 kvart år med kvalifisert fleirtal. Endringane trer i kraft når endeleg dokument er  
351 vedtatt.

352

### 353 **§ 10.3 Budsjett**

354 Budsjettet er STiV sine retningslinjer for den økonomiske drifta det komande året.  
355 Budsjettet skal vedtakast årleg ved siste studenttingsmøte på haustsemesteret og trer i  
356 kraft 1.januar det påfølgande året. Budsjettet skal reviderast ved behov.

357

### 358 **§ 10.4 Arbeidsprogram**

359 Arbeidsprogrammet er retningslinjene for STiV sitt politiske arbeid for det komande  
360 studieåret. Arbeidsprogram skal vedtakast kvart år, ved nest siste studenttingsmøte på  
361 vårsemesteret, og kan reviderast ved behov.

362

### 363 **§ 10.5 Gjennomføring av endringar i styringsdokumenta**

- 364 a) Framlegg til endring og tillegg til vedtekta og styringsdokumenta skal sendast til  
365 Studenttinget for handsaming.
- 366 b) Framlegg til endringar i vedtekta skal være STiV–arbeidsutvalet i hende seinast 2  
367 veker før neste møte i Studenttinget.

368       c) Årsak til endringsforslag skal leggast ved skriftlig.

369

## 370     **11. Mistillit**

### 371     **§ 11.1 Stilling av mistillitsforslag**

372       a) Medlemmar av eitt av STiV sine organ, eller råd og utval ved HVO som STiV har valt  
373           studentar til, som ikkje fungerer i sitt verv, kan verte løyst frå vervet og verte erstatta  
374           av ein person valt av Studenttinget. Den som det blir stilt mistillit til, skal få høve til å  
375           uttale seg.

376       b) Desse kan stille mistillit:

- 377           - Studentar ved HVO
- 378           - Leiinga ved HVO

379

### 380     **§ 11.2 Prosedyrar ved mistillit og fråtreding**

381       a) Mistillit må verte vedteke med kvalifisert fleirtal, 3/4 av Studenttinget, på eit ordinært  
382           studenttingsmøte. Vedtak om mistillit skal skje bak lukka dører og avstemminga skal  
383           vere skriftleg.

384       b) Saker om mistillit skal unndragast offentlege referat.

385       c) Studenttinget avgjer når mistillit opphevast ved 2/3 fleirtal.

386       d) Dersom ein representant i Studenttinget ikkje møter på to påfølgjande møter utan å ha  
387           gitt beskjed om dette til arbeidsutvalet eller sekretariatet, vil det bli rekna som at  
388           vedkomande har fråtredd sitt verv.

389       e) Dersom ein fråtrer vervet, vil første vara automatisk bli hovudrepresentant for resten  
390           av perioden. Dersom representanten ikkje har vararepresentant og det er meir enn to  
391           møter igjen av studieåret, skal det haldast suppleringsval.

392

393                   **Del 2 – Møteregelement**

---

394

---

395

396                   **12. Studentrådet**

397                   **§ 12.1 Fristar**

- 398                   a) Innkalling til møte og informasjon om frist for innsending av saker skal skje seinast 14  
399                   dagar før møtedagen. Påminning skal sendast 1 dag før møtedagen.
- 400                   b) Saker må vere inne seinast 7 dagar før møtedagen.
- 401                   c) Sakspapir skal vere utsendt seinast 4 dagar før møtedagen.

402

403                   **§ 12.2 Rettar og plikter**

- 404                   a) Fylgjande har møteplikt:
- 405                   - Dei tillitsvalde
- 406                   - Arbeidsutvalet
- 407
- 408                   b) Fylgjande har møterett:
- 409                   - Alle
- 410                   - Uynskte personar kan sendast vekk etter vedtak
- 411
- 412                   c) Fylgjande har talerett:
- 413                   - Dekanane ved HVO
- 414                   - Kontrollkomiteen der det er naudsynt for utøving av arbeidsoppgåvene sine
- 415
- 416                   d) Fylgjande har tale- og forslagsrett:
- 417                   - Alle studentar ved HVO
- 418                   - Andre kan få tale- og forslagsrett etter vedtak
- 419
- 420                   e) Fylgjande har røysterett:
- 421                   - Tillitsvalde
- 422
- 423                   f) Fylgjande har saksfremjingsrett:

- 424            - Tillitsvalde  
425            - Arbeidsutvalet  
426            - Studenttinget

427

### 428    **§ 12.3 Møtegjennomføring**

- 429        a) Arbeidsutvalet er ansvarlege for å førebu og kalle inn til møte.  
430        b) Ein frå arbeidsutvalet i STiV er møteleiar.  
431        c) Det skal først referat frå alle møte.  
432        d) Møta er vedtaksdyktige om innkalling har gått føre seg på gyldig vis.  
433        e) Avröstingar vert vanlegvis gjort med handsopprekking. Dei vert skriftlege om minst  
434        ein av dei som er til stades ynskjer det.  
435        f) Avstemmingar vert avgjort med alminneleg fleirtal om ikkje anna vert nemnt.  
436        g) Ved röstelikskap får alle studentar som er til stades, utanom arbeidsutval,  
437        kontrollkomité, sekretariat og ordstyrar.  
438        h) Arbeidsutvalet innstiller på teljekorps før avstemming.  
439        i) Personar som ikkje er til stades har moglegheit for skriftleg å leggje fram si mening til  
440        Arbeidsutvalet, som då skal sørge for at den blir lagt fram på møtet.

441

## 442    **13. Studenttinget**

### 443    **§ 13.1 Fristar**

- 444        a) Innkalling skal skje seinast 14 dagar før møtedagen.  
445        b) Saker til saklista må vere inne seinast 10 dagar før møtedatoen.  
446        c) Sakspapir skal vere utsendt seinast 7 dagar før møtedatoen.  
447        d) Det skal leggjast fram ein møteplan på første ordinære møte i studieåret.  
448        e) Innkalling til første møte i studieåret er gyldig om ho kjem seinast 7 dagar før  
449        møtedatoen.

450

### 451    **§ 13.2 Rettar og plikter**

- 452        a) Fylgjande har møteplikt:  
453            - Studenttingsrepresentantane  
454            - Arbeidsutvalet  
455            - Sekretariatet

456 - Kontrollkomitéen

457

458 b) Fylgjande har møterett:

459

- Alle

460

- Uynskte personar kan visast bort etter vedtak.

461

462 c) Fylgjande har talerett:

463

- Rektor og direktør ved HVO

464

465 d) Fylgjande har tale- og forslagsrett:

466

- Studentar ved Høgskulen i Volda

467

- Andre kan få tale- og forslagsrett etter vedtak.

468

469 e) Fylgjande har røysterett:

470

- Studenttingsrepresentantane

471

472 f) Fylgjande har saksfremjingsrett:

473

- Studenttingsrepresentantane

474

- Arbeidsutvalet

475

- Andre kan få saksfremjingsrett etter vedtak

476

### 477 § 13.3 Møtegjennomføring

478 a) Arbeidsutvalet er ansvarlege for å kalle inn til møte.

479

b) Organisasjonskonsulenten skal føre referat frå alle møter.

480

c) Møta er vedtaksdyktige om innkalling er skjedd på gyldig måte, og minst 2/3 av medlemmane er til stades.

482

d) Avrøystingar vert vanlegvis gjort ved handsopprekking. Dei vert skriftlege om minst ein av dei som er til stades ynskjer det.

484

e) Avstemmingar vert avgjort med alminneleg fleirtal om ikkje anna vert nemnt.

485

f) Ved røystelikskap får alle studentar som er til stades i møtet røysterett, utanom arbeidsutvalet, kontrollkomitéen, sekretariatet og ordstyrar. Dersom det ikkje er andre studentar til stades blir saka utsett til neste møte.

488

g) Arbeidsutvalet innstiller på teljekorps før avstemming.

- 489 h) Studenttinget kan velje å sjå vekk ifrå vedtekten i enkeltsaker dersom det vert vedtatt  
490 med totalt fleirtal.
- 491 i) Personar som ikkje er til stades har moglegheit for skriftleg å leggje fram si meining i  
492 ei sak.
- 493 j) Dispensasjon frå møtereglement § 15.1 kan gjevast av ikkje vedtaksført studentting  
494 om det vert godkjent av kontrollkomiteen.
- 495 k) Berre studenttingsrepresentantar som er til stades har røysterett. Ved røystelikskap for  
496 andre gong, sjå § 18.3 (a).

497

498 **§ 13.4 Ekstraordinært møte**

- 499 a) Det kan kallast inn til ekstraordinært studenttingsmøte ved særleg viktige saker  
500 dersom eit alminneleg fleirtal av studenttingsrepresentantane, eller eit samrøystes  
501 arbeidsutval, ynskjer det.
- 502 b) Ekstraordinære studenttingsmøter skal kunngjera seinast ei veke før møtet, og  
503 sakspapira skal gjerast tilgjengeleg for representantane minst tre dagar før møtet.

504

505 **14. Arbeidsutvalet**

506 **§ 14.1 Fristar**

- 507 a) Det er ståande innkalling til arbeidsutvalsmøta. Dei skal haldast kvar veke.  
508 b) Sakspapir skal vere klare og sendast ut seinast 1 dag før møtedatoen.  
509 c) Frist for avbod er eit døgn.

510

511 **§ 14.2 Rettar og plikter**

- 512 a) Fylgjande har møteplikt:  
513 - Arbeidsutvalet  
514 - Organisasjonskonsulenten
- 515
- 516 b) Fylgjande har møterett:  
517 - Kontrollkomiteen  
518 - LS-representant (blir fjernet 31.7.15)

519 - Andre kan få møterett etter vedtak.

520

521 c) Fylgjande har tale- og forslagsrett:

522

- Arbeidsutvalet

523

- Andre kan få tale- og forslagsrett etter vedtak

524

525 d) Fylgjande har røysterett:

526

- Arbeidsutvalet

527

528 e) Fylgjande har saksfremjingsrett:

529

- Arbeidsutvalet

530

- Andre etter vedtak

531

### 532 § 14.3 Møtegjennomføring

533 a) Leiar er møteleiar.

534

b) Nestleiar er møteleiar i leiars fråvær

535

c) Sekretariatet skal føre protokoll frå alle møte.

536

d) Møta er vedtaksdyktige når meir enn halvparten av medlemmane i arbeidsutvalet er til stades.

538

e) Avstemmingar vert avgjort med alminneleg fleirtal om ikkje anna vert nemnt.

539

f) Ved røystelikskap får møteleiar dobbeltstemme.

540

g) Dispensasjon frå vedtekten kan ikkje gjevast.

541

h) Personar som ikkje er til stades har moglegheit for skriftleg å leggje fram si mening i ei sak.

543

## 544 15. Allmøte

### 545 § 15.1 Fristar

546

a) Innkalling til møtet skal skje minst 21 dagar før møtet skal haldast.

547

b) Saker til sakspapira må vere inne innan 14 dagar før møtet skal haldast.

548

c) Sakspapir skal vere klare minst 7 dagar før møtet skal haldast.

549

### 550 § 15.2 Rettar og plikter

551 a) Fylgjande har møteplikt:

552 - Arbeidsutvalet

553 - Organisasjonskonsulenten

554

555 b) Fylgjande har møterett:

556 - Alle

557 - Uynskte personar som ikkje er studentar ved Høgskulen i Volda kan visast bort  
558 etter vedtak.

559

560 c) Fylgjande har tale- og forslagsrett:

561 - Studentar ved Høgskulen i Volda

562 - Andre kan få tale- og forslagsrett etter vedtak.

563

564 d) Fylgjande har røysterett:

565 - Studentar ved Høgskulen i Volda

566

567 e) Fylgjande har saksfremjingsrett:

568 - Studentar ved Høgskulen i Volda

569

### 570 § 15.3 Møtegjennomføring

571 a) Arbeidsutvalet innstiller møteleiar.

572 b) Organisasjonskonsulenten skal føre protokoll.

573 c) Møta er vedtaksdyktige om innkalling er gjort på gyldig vis.

574 d) Avrøystringar vert vanlegvis gjort ved handsopprekking. Dei vert skriftlege om minst  
575 ein av dei som er til stades ynskjer det.

576 e) Avstemmingar vert avgjort med alminneleg fleirtal om ikkje anna vert nemnt.

577 f) Arbeidsutvalet innstiller på teljekorps før avstemming.

578 g) Personar som ikkje er til stades har moglegheit for skriftleg å leggje fram si meining i  
579 ei sak.

580

581

582                   **Del 3 – Valreglement**

---

583

584

585                   **16. Tillitsvalde/studentrådet**

586                   **§ 16.1 Valmåte**

- 587                   a) Kvart studieprogram på 30 studiepoeng eller meir per semester, er valkrins for val av  
588                   éin tillitsvald/studentrådsrepresentant og éin vara.  
589                   b) Studium med nettstudentar eller deltidsstudentar treng ikkje tillitsvalde for STiV si  
590                   verksemnd.  
591                   c) Val av tillitsvalde vert gjennomført som urneval eller handsopprekning. Akklamasjon  
592                   vert ikkje godkjent. Det skal gjennomførast urneval dersom nokon i valkrinsen ynskjer  
593                   det.

594

595                   **§ 16.2 Røysterett og valbarheit**

- 596                   a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett.  
597                   b) Alle studentar i valkrinsen kan stille til val.

598

599                   **§ 16.3 Fristar**

- 600                   a) Valet skal gjennomførast i løpet av dei tre første vekene i haustsemesteret.  
601                   b) Valtidspunkt skal annonserast minst to dagar før valet vert gjennomført.  
602                   c) Kandidatar kan melde seg fram til avstemminga har byrja.  
603                   d) Valresultatet skal meldast til arbeidsutvalet gjennom eige valskjema så snart som  
604                   mogleg etter at valet er gjennomført. Kontorsjef og faglærar er ansvarleg for dette.

605

606                   **17. Studenttinget**

607                   **§ 17.1 Valmåte**

- 608                   a) Høgskulen er valkrins for val av 11 studenttingsrepresentantar og like mange  
609                   vararepresentantar  
610                   b) Kvar av dei fire avdelingane ved HVO skal ha minst to hovudrepresentantar og to  
611                   vararepresentantar i studenttinget. Dei tre siste representantane og vararepresentantane

- 612 er frie. Det vil seie at dei som har flest stemmer av dei som er att, etter at  
613 representantar og varaer for avdelingane er på plass, vil då innta dei frie plassane.  
614 c) Valet vert gjennomført som urneval eller elektronisk val. Akklamasjon vert ikkje  
615 godkjent.  
616 d) Arbeidsutvalet er teljekorps.

617

## 618 **§ 17.2 Røysterett og valbarheit**

- 619 a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett.  
620 b) Alle studentar i valkrinsen kan stille til val.  
621 c) Dei som sit i Arbeidsutvalet kan ikkje stille til val.

622

## 623 **§ 17.3 Røystelikskap**

- 624 a) Ved røystelikskap skal det haldast omval mellom representantane som fekk like  
625 mange røyster. Resultater også dette i røystelikskap, skal valet avgjerast gjennom val i  
626 Studenttinget. Kandidatane har moglegheit for å halde ein kort valtale.

627

## 628 **§ 17.4 Fristar**

- 629 a) Valet skal gjennomførast seinast to veker etter fristen for val av tillitsvalde er gått ut.  
630 b) Valtidspunkt skal annonserast minst ei veke før valet gjennomførast.  
631 c) Kandidatar kan melde seg fram til dagen før avstemminga har begynt.

632

## 633 **§ 17.5 Suppleringsval**

- 634 a) Suppleringsval kan gjennomførast ved behov.  
635 b) Suppleringsval gjennomførast etter same reglement som ordinære val, men frist for å  
636 stadfeste valtidspunkt er eitt døgn før valet.

637

# 638 **18. Arbeidsutvalet i STiV**

## 639 **§ 18.1 Valmåte**

- 640 a) Studenttinget er valkrins for val av Arbeidsutvalet.  
641 b) Valet vert gjennomført som urneval. Akklamasjon vert ikkje godkjent.

- 642       c) Valet skjer ved fleirtalsval, og kandidaten som har oppnådd alminnelig fleirtal vert  
643       valt.  
644       d) Arbeidsutvalet innstiller på teljekorps før avstemming.  
645       e) Kandidatane skal halde valtale.  
646       f) Etter valtalane skal det opnast for spørsmål frå salen til kandidatane.

647

## 648   **§ 18.2 Røysterett og valbarleik**

- 649       a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett.  
650       b) Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

651

## 652   **§ 18.3 Røystelikskap**

- 653       a) Ved røystelikskap skal det haldast omval mellom dei representantane som fekk like  
654       mange røyster. Resulterer dette i røystelikskap for andre gong, får alle studentar som  
655       er til stades og Arbeidsutvalet røysterett. Kontrollkomitéen, sekretariat og ordstyrar  
656       har ikkje røysterett.

657

## 658   **§ 18.4 Frist for gjennomføring av valet**

- 659       a) Alle verv i arbeidsutvalet vert valt på det siste møtet i vårsemesteret.  
660       b) Kandidater kan melde seg fram til avstemminga har begynt.

661

## 662   **§ 18.5 Suppleringsval**

- 663       a) Suppleringsval vert gjennomført ved behov.  
664       b) Suppleringsval skal gjennomførast på første tingmøte etter at eit verv vert ledig.  
665       c) Om suppleringsvalet går føre seg i same semester som det skal haldast ordinært val,  
666       skal ikkje vervet lysast ut på nytt før neste år.

667

# 668   **19. Andre verv**

## 669   **§ 19.1 Valmåte**

- 670       a) Studenttinget er valkrins om ikkje anna er angitt.  
671       b) Valet gjennomførast som urneval dersom ein i valkrinsen eller en som stiller til val  
672       krev det, akklamasjon vert godkjent.

673

674 **§ 19.2 Røysterett og valbarleik**

- 675 a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett.  
676 b) Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

677

678 **§ 19.3 Fristar**

- 679 a) Val skal annonserast minst ei veke før vala gjennomførast

680

681 **§ 19.4 Suppleringsval**

- 682 a) Suppleringsval skal gjennomførast ved behov.  
683 b) Suppleringsval skal gjennomførast på første tingmøte etter at eit verv vert ledig.

684

685 **§ 19.4 Val av Faddervekestyret**

- 686 a) Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val for Faddervekestyret.  
687 b) Dei som ynskjer å stille til val må sende skriftleg søknad til Arbeidsutvalet.  
688 Søknadsprosessen skal vare i minimum ei veke. Denne prosessen må vere i gang innan  
689 starten av november, og dette har Arbeidsutvalet ansvaret for å promotere.  
690 c) Søkjane vurderast og samansetjing av faddervekestyret er eigen vedtakssak på møte  
691 i arbeidsutvalet så snart søknadsprosessen er avslutta.  
692 d) Faddervekestyret skal bestå av fem studentar:  
693     1. Leiar  
694     2. Fadderansvarleg  
695     3. Sponsoransvarleg  
696     4. PR-ansvarleg  
697     5. Arrangementsansvarleg  
698 e) Organisasjonskonsulenten i STiV fører rekneskap for fadderveka i samarbeid med  
699 faddervekestyret.  
700 f) Faddervekestyret skal levere evalueringsrapportar frå kvar enkelt verv til  
701 arbeidsutvalet innan 15.oktober. For utfyllande informasjon om arbeidskrav for  
702 faddervekestyret, sjå «Arbeidskrav faddervekestyret».

703